



Masfjorden kommune
Teknisk, miljø og landbruk

Reknes Byggjevarer L.L
Att.Egil Sagstad
Masfjordvegen 187
5986 HOSTELAND

Dykkar referanse	Vår referanse	Sakshandsamar	Dato
	2026/1257-2	Jan Kvingedal	16.07.2026

Melding om delegert vedtak - søknad om byte av pipe - gbnr 50/1/27

Administrativt vedtak saknr.: 53/2026 Delegert Teknisk utval

Adresse: Stordalsvegen 1350, 5984 Eigedom gbnr: 50/1
Matredal

Tiltakshavar:	Oddvar Eidsheim	Søkjar:	Reknes Byggjevarer L.L
Tiltakstype:	Byggtekniske installasjoner - teknisk installasjon i bygg	Søknadstype:	Ett-trinns søknad

VEDTAK

Masfjorden kommune ved rådmannen gjev med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 løyve til byte av eksisterande stålppe på eigedom gbnr 50/1/27. Løyvet vert gjeve på følgjande vilkår:

- Tiltaket kan ikkje takast i bruk før det er gjeve ferdigattest

Erklærte ansvarsrettar

Funksjon	Foretak	Org.nr.	Tiltaks kl.	Ansvarsområde
SØK	Reknes byggjevarer L.L	915354424	1	Søkjar
PRO	Reknes byggjevarer L.L	915354424	1	Prosjektering av demontering og montering
UTF	Reknes byggjevarer L.L	915354424	1	Utføring av demontering og montering

Toleransegrense

Toleransegrense for plassering av tiltak vert sett til +/- 20 cm i vertikalplanet og +/- 50 cm i horisontalplanet. Vi gjer merksam på at toleranse ikkje har noko med avrundings- og kommareglar å gjere, slik at høgde- og plasseringsreglar gjeve i lov eller plan, er å forstå som absolutte grenser.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld og for vedtak om dispensasjon.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Antal	Sum
10.1.8	Separat søknad om rehabilitering av pipe	1	1.671,-
Totalt gebyr å betala			1.671,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21- 4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om rehabilitering/ utskifting av stålpipes etter skade.

Det vert elles vist til søknad motteken 08.07.2026

Fakta

Søkjar skriv at pipe er blitt skada og vert skifta ut. Fasade vert ikkje endra. Tiltaket er ikkje nabovarsla.

Vurdering

Kommune legg søkjar sine vurderingar kring tiltaktsklasse og ansvarsområde til grunn.

Ein vurderer at tiltaket ikkje treng nabovarslast.

Konklusjon

Det vert gjeve løyve til tiltaket jf. vedtaket.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 2026/1257

Du kan klage på vedtaket

Vedtaket er eit enkeltvedtak som du kan klage på. Vil du klage, må du sende klage innan 3 veker frå du mottok vedtaket. Du sender ein skriftleg klage til kommunen, der det går fram kva vedtak du klagar på og kva endring du ønskjer. Meir informasjon om dine rettar for klage går fram av forvaltningslova §§ 28-36.

Eit søksmål eller krav om erstatning kan ikkje fremjast før du har brukt klageretten din fullt ut, jf. forvaltningslova § 27b.

Med helsing

Jan Kvingedal
sakshandsamar

Sveinung Toft
ass.rådmann

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ikkje handskriven signatur

Kopi til:

Oddvar Eidsheim